



# VEDTEKTER

Vedtatt 19.11.20



**Felleskjøpet**

Rogaland Agder — siden 1899

## **§ 1 Foretak**

Felleskjøpet Rogaland Agder SA heretter kalla FKRA, er eit samvirkeforetak med hovudkontor og verneting i Stavanger.

## **§ 2 Formål**

FKRA sitt hovudformål er å fremje dei økonomiske interessene til medlemmene og landbruket elles på kort og lang sikt ved innkjøp, produksjon og omsetnad av varer og tenester.

FKRA står for forskings- og utviklingsarbeid og kjøper inn og formidlar tenester i tilknytning til dette.

FKRA kan og ved innskot eller på annan måte delta i andre foretak og anna verksemd, gjennom dotterselskap og tilknyttta selskap, som årsmøtet eller styret gjer vedtak om.

## **§ 3 Medlemskap**

Medlemskap i FKRA er ope for alle som driv landbruk og landbruksrelatert verksemd og støttar FKRA sitt formål.

Både fysiske og juridiske personar med eige organisasjonsnummer eller produsentnummer kan teikne medlemskap, unntatt foretak som opptrer på vegne av andre medlemmer.

Styret skal fastsetje nærare retningslinjer for medlemskap.

FKRA fører medlemsregister og eit register som viser kva for fysiske personar som er valbare til tillitsverv.

Ved sal eller anna frivillig overdraging av eigedom der seljaren har medlemskap, kan medlemskapen overdragast til ny eigar etter prosedyre godkjent av styret.

## **§ 4 Andelsinnskot og årsmøtedisposisjonar**

Medlemmene er andelseigarar i FKRA med kvar sin andel på kr 500,-.

Nye medlemmer betalar andelsinnskotet ved innmelding.

Andelskapitalen blir ikkje forrenta.

Ved utmelding blir innbetalt innskot utbetalt. Utmeldt medlem har ikkje krav på etterbetaling og har heller ikkje krav på seinare utbetaling frå etterbetalingsfondet.

Årsmøtet vedtar disponering av årsresultat, jfr. §10 Årsmøte.

### **Årsoverskot kan disponerast til:**

- annan eigenkapital
- etterbetaling
- avsetning til etterbetalingsfond
- avsetning til medlemskapitalkonti
- forrenting av medlemskapitalkonti

Utdeling frå etterbetalingsfond skal skje på grunnlag av samhandling førre året. Slik utdeling skjer etter dei reglar styret har fastsett.

## **§ 5 Medlemmene sitt ansvar**

Ved innmelding godtek medlemmene FKRA sine vedtekter slik dei er til ei kvar tid.

For at FKRA best mogleg skal kunne oppfylle § 2 i vedtektene, er det medlemmene sitt ansvar å bruka FKRA som leverandør av varer og tenester i eiga verksemd.

## **§ 6 Utestenging**

Styret kan stryka medlemskapen for ein medlem ved vesentleg misleghald frå medlemmen eller når andre tungtvegande grunnar gjer det nødvendig.

Medlem som vert utestengd på slikt grunnlag, har ikkje krav på å få att andels-innskotet og taper retten til etterbetaling.

Den som er stengt ute, kan krevje at styret legg vedtaket fram for årsmøtet.

Kravet må vere sett fram innan ein månad etter at medlemmen tok imot skriftleg melding med opplysing om utestenginga og om fristen for å krevje vedtaket lagt fram for årsmøtet. Kravet har utsetjande verknad.

Medlemmer som ikkje har samhandla med FKRA i minst to år, kan etter varsel få medlemskapen opphøyrd.

## **§ 7 Medlemsmøte**

Det blir kalla inn til krinsvise medlemsmøte med møterett for alle medlemmer i krinsen.

Medlemsmøta skal styrkja informasjonen og kontakten mellom medlemmene, tillitsvalde og administrasjonen i FKRA.

Medlemsmøta vel:

Årsmøteutsendingar for 2 år, vararepresentantar for 1 år, medlem av lokal valkomité for 3 år. I kretsar som har 3 eller fleire årsmøteutsendingar, skal begge kjønn vera representert.

Styret fastset tid, innkalling og møteprogram og peikar ut møteleiar.

Geografisk inndeling og antal krinsar vert fastsett av styret i samråd med berørte krinsar. Jf. § 14.

Instruks blir fastsett av årsmøtet, desse er tatt inn som vedlegg nr. 1.

## § 8 Rettar og plikter ved tillitsverv

Alle medlemmer kan veljast til tillitsverv i FKRA og skal arbeide for FKRA sitt formål etter § 2.

Medlemmen har rett til å nekte attval for ein ny valperiode.

Berre medlemmer som i hovudsak samhandlar med foretaket kan veljast til tillitsverv.

Tillitsvalde pliktar å teia om saker dei får innsyn i dersom det kan skada FKRA eller annan tredjepart at opplysingane kjem ut.

## § 9 Møte for årsmøteutsendingar

Det skal haldast eitt halvårsmøte for årsmøteutsendingar, i tillegg kan det haldast informasjonsmøte ved behov. Møta skal styrka informasjon og kontakten mellom medlemmene, tillitsvalde og administrasjonen i FKRA, samt drøfta strategiske spørsmål.

FKRA sin strategiplan skal presenterast eller det skal rapporterast i medhald til målsetjingar i gjeldande strategiplan.

Styret fastset tid, innkalling, møteprogram og peikar ut møteleiar. Det skal førast referat.

## § 10 Årsmøtet

Årsmøtet er FKRA si øvste styremakt.

Årsmøtet består av inntil 67 valde representantar frå medlemsmøta, ordførar, varaordførar og styret.

Tilsette sine representantar i styret har røysterett i årsmøtet på linje med øvrige styremedlemmer, med unntak av røysterett på val av medlemsvalde styremedlemmer.

For gyldige vedtak i årsmøtet krevst at minst 2/3 av representantane med stemmerett er til stades.

Ordinært årsmøte blir halde innan utgangen av april.

Ekstraordinært årsmøte blir halde når styret, revisor eller ordførar finn det nødvendig, eller når minst 1/10 av medlemmene eller minst 1/10 av årsmøteutsendingane med fullmakt frå medlemmene krev det for ei bestemt sak.

Framlegg som medlemmene vil ha opp til avgjerd på årsmøtet, må sendast til styret innan 15. januar.

Ordføraren i årsmøtet sender skriftleg innkalling med 14 dagars varsel. Sakliste, rekneskap og årsmelding med revisjonsmelding samt innstilling frå valkomiteen skal leggjast ved.

Årsmøtet vel kvart år ordførar og varaordførar som fungerer til neste møte er halde.

Alle vedtak blir gjort med vanleg fleirtal blant dei som har røysterett om ikkje anna framgår av vedtektene.

Styremedlemmene har ikkje røysterett ved handsaming av årsmelding og rekneskap. Dei tilsette sine styrerepresentantar kan røysta i val av leiar og nestleiar i styret, ordførar og varaordførar samt leiar, nestleiar og medlemmer i kontrollutvalet. Ved likt røysetal avgjer ordføraren si røyst, unntatt ved val.

**På det ordinære årsmøtet blir handsama:**

1. Val av 2 personar til å skriva under møteboka
2. Godkjenning av årsmelding
3. Godkjenning av årsrekneskap og lovpålagt revisjon samt vedtak om disponering av årsoverskot.  
Årsmøtet kan ikkje vedta eit høgare beløp enn det styret foreslår. Jfr. § 4.
4. Val
  - a. Val av styreleiar
  - b. Val av medlemsvalde styremedlemmer
  - c. Val av nestleiar
  - d. Val av 3 varamedlemmer i nummerorden
  - e. Val av ordførar og varaordførar
  - f. Val av kontrollkomité og varamedlemmer
  - g. Val av leiar og nestleiar i kontrollkomiteen
  - h. Val av valkomité med personleg varamedlem
  - i. Val av leiar og nestleiar til valkomiteen og
  - j. Val av revisor etter innstilling frå kontrollkomiteen
5. Fastsetting av godtgjersle til tillitsvalde
6. Andre saker som er nemnde i innkallinga

**Val i årsmøtet:**

Ordføraren leier vala.

Val av leiar, nestleiar til styret og ordførar skal vera skriftlege og enkeltvis.

Val av varaordførar i årsmøtet, styremedlemmer, 1. vararepresentant til styret, leiar og nestleiar i kontrollkomiteen skal vera skriftlege og enkeltvis om ikkje årsmøtet samrøystes gjer anna vedtak.

For å bli vald ved første gongs røystring, må kandidaten få over halvparten av røystene. Oppnår ingen av kandidatane dette, blir det skriftleg omval etter at den med færrest røyster er trekt ut.

Oppnår framleis ingen over halvparten av røystene, tar ein skriftleg omval mellom dei to som har flest røyster. Blir røysetala då like, skal valet avgjerast ved loddrekning i årsmøtet.

Som ansvarleg for revisjonsarbeidet, vel årsmøtet eit statsautorisert revisjonsfirma.

Det skal førast møtebok som blir underskriven av ordføraren og 2 representantar valde av møtet.

## § 11 Kontrollkomité

Årsmøtet vel ein kontrollkomité på 3 medlemmer med 1 varamedlem. Vala gjeld for 3 år. Leiar og nestleiar blir valde kvart år, varamedlemmene for 1 år. Komiteen møter i årsmøtet.

Kontrollkomiteen skal gje innstilling til årsmøtet om val av statsautorisert revisor. Instruks blir fastsett av årsmøtet, denne er tatt inn som vedlegg nr. 2.

## § 12 Valkomité for årsmøtet

FKRA har ein valkomité på 8 medlemsvalde medlemmer med personleg varamedlem. Det skal veljast 2 frå Agder, 4 frå Sør-Rogaland og 2 frå region Nord. Vala gjeld for 3 år. Leiar og nestleiar blir valde kvart år.

Medlemmene kan ikkje attveljast.

Valkomiteen si innstilling på kandidatar må føreliggja i så god tid før årsmøtet at innstillinga kan sendast årsmøteutsendingane seinast 14 dagar før møtet.

Instruks blir fastsett av årsmøtet, denne er tatt inn som vedlegg nr. 3.

## § 13 Styret

FKRA blir leia av eit styre på ni medlemmer, seks valde blant foretaket sine medlemmer og tre representantar frå dei tilsette.

### **Styret er samansett slik:**

Styreleiaren blir valt fritt mellom medlemmene for 1 år om gongen.

Andre medlemsvalde styrerepresentantar utgjør 5.

Det skal leggjast vekt på ei god geografisk fordeling av styrerepresentasjonen med ein representant frå Agder, ein frå Dalane/Jæren og ein frå Ryfylke/Nord, dei andre kan veljast fritt.

Det skal oppnåast balanse mellom kjønna i tråd med samvirkelova §69.

Ein av dei årsmøtevalde styrerepresentantane treng ikkje vera medlem i FKRA og kan veljast fritt innafor foretaket sitt marknadsområde. Føresetnaden er at vedkomande kan tilføra FKRA verdfulle impulsar og vil arbeide for foretaket sitt formål.

Administrerande direktør har rett og plikt til å delta i styremøta med forslagsrett, men utan røysterett.

Styremedlemmene blir valde for 2 år om gongen.

Nestleiar blir vald blant styremedlemmene for 1 år om gongen.

## § 14 Styret sine oppgaver

Styret skal leia foretaket etter gjeldande lovverk, vedtekter, styreinstruks, eigne planar og vedtak i årsmøtet.

Styret blir kalla saman til møte så ofte leiaren eller administrerande direktør finn det nødvendig eller når minst 4 av styremedlemmene krev det.

FKRA sitt styre fastset krinsinndelinga for medlemsmøta.

Talet på årsmøteutsendingar frå kvar krins skal fastsetjast med vekt på medlemstal og omsetnad.

Styret skal fastsetja ein styreinstruks som gir nærare reglar om styrearbeidet og saksbehandling.

Den daglege drifta i FKRA blir leia av ein administrerande direktør som styret tilset, kan avsetja, bestemmer lønn og vedtar instruks for.

Personalet blir tilsett av administrerande direktør. Styret skal orienterast om hovudtrekk i lønns- og pensjonsvilkår.

Eit styrevedtak krev at fleirtalet av dei styremedlemmene som er med på behandlinga av ei sak, har røysta for. Står røystene likt, gjeld det som møteleiaren har røysta for.

Styret er røysteført når 5 styremedlemmer møter.

Dei som har røysta for eit framlegg som inneber ei endring, må likevel alltid utgjere meir enn 1/3 av alle styremedlemmene.

Styret skal gi innstilling til årsmøtet om bruk av årsoverskot.

Underskrift av administrerande direktør saman med leiaren eller saman med 2 andre styremedlemmer forpliktar FKRA.

Det skal førast protokoll frå styremøta i samsvar med samvirkelova § 91.

Styret kan gi prokura.

Ordføraren for årsmøtet får tilsendt innkalling og saksdokument for styremøta og kan møta utan røysterett.

## § 15 Forholdet til dotterselskap

Styret i FKRA sine dotterselskap skal gi styret i morselskapet opplysingar som trengst for å kunne vurdere stilling og resultat av verksemda i dotterselskapet.

FKRA er representert som eigar i generalforsamling i dotterselskap med dei personar som til ei kvar tid har signatur. Dei som har signatur kan delegere fullmakt frå sak til sak.

## § 16 Tvistemål

Oppstår det tvist mellom FKRA og nokon av medlemmene om forståing og gjennomføring av desse vedtektene, blir tvisten avgjort med bindande verknad av ein voldgiftsrett på 3 medlemmer. Kvar av partane oppnemnar 1 medlem, medan oppmannen vert oppnemnt av Stavanger Tingrett. Har ein av partane etter 14 dagars varsel ikkje oppnemnt voldgiftsmann, oppnemner Tingretten voldgiftsmann for han. Ein syner ellers til lov om voldgift av 14. mai 2004.

## § 17 Endring i vedtektene

Endring i vedtektene kan gjerast i ordinært eller ekstraordinært årsmøte. Det skal stå i innkallinga kva framlegget til vedtektsendringa går ut på. Til gyldig vedtak krevst det 2/3 fleirtal av dei røystene som er gitt.

Saker som er særskilt nemnd i § 54 i Samvirkelova, krev tilslutning frå minst 4/5 av dei røystene som er gitt.

## § 18 Samanslutning (fusjon) med andre samvirkeorganisasjonar i landbruket

Vedtak om samanslutning (fusjon) med andre samvirkeorganisasjonar kan berre bli vedtatt av eit ordinært eller ekstraordinært årsmøte. Framlegg om samanslutning må fremjast med minst 1 månads frist før møtet, med orientering til årsmøteutsendingane. For gyldig vedtak krevst at 4/5 av dei frammøtte røystar for samanslutninga.

## § 19 Oppløysing

Vedtak om oppløysing av FKRA blir gjort av årsmøtet med 4/5 fleirtal. Framlegg om oppløysing, vedlagt styret si grunngjeving, må vere sendt dei valde representantane minst 2 månader før det møtet saka skal drøftast på. Framlegg om oppløysing skal gjerast kjent i medlemsmøte og/eller ved annonse eller anna kunngjering til medlemmene.

## § 20 Fordeling av kapital ved oppløysing

Dersom FKRA blir oppløyst, skal midla utbetalast til dei som er medlem på oppløysingstidspunktet og ut frå deira samhandling med foretaket siste 10 år. Det årsmøtet som tar avgjerd om oppløysing, skal velje medlemsvalde styre-representantar til avviklingsstyret. Elles gjeld § 13 for styrets samansetning. Avviklingsstyret kallar utan ugrunna opphald og snarast mulig inn til årsmøte. Innkalling går til dei som utgjorde det siste årsmøtet. Framlegg til endeleg disponering av midlane skal vedleggast innkallinga. Innkallinga skal skje etter reglane for ordinært årsmøte.

## VEDLEGG NR. 1

### INSTRUKS FOR VAL I MEDLEMSMØTA

Medlemmene vel representantar med vararepresentantar i nummerorden til årsmøtet, samt nytt medlem til valnemnda, etter framlegg frå valnemnda.

Valkomiteen for medlemsmøta skal syta for at dei spurde kandidatane er medlemmer som i hovudsak samhandlar med foretaket i medhald av §§§ 4, 5 og 8.

Kvar fysisk eller juridisk person som er medlem kan stille på medlemsmøte med to stemmeberettiga representantar. Ingen person har meir enn ei røyst. Medlem kan ikkje overdra røysteretten ved fullmakt.

I kvar krins skal det veljast ei valnemnd med 3 medlemmer.

Kvar einskild av dei 3 medlemmene i valnemnda blir valde for 3 år.

Skriftleg val kan krevjast. Valet blir avgjort med vanleg fleirtal. Ved likt røystetal, kan valet avgjerast ved loddrekning i møtet. Funksjonstida for årsmøteutsendingane er 2 år, og for varautsendingane 1 år.

Medlemsmøtet skal orienterast om kven av dei medlemsvalde utsendingane som er på val til sentrale tillitsverv i førstkomande årsmøte i FKRA.

Medlemsmøtet og medlemmer har innan 15. januar rett til å senda skriftleg framlegg på kandidatar, jmf. §10.

Framlegga skal leggjast fram for valkomiteen til årsmøtet.

Valkomiteen si innstilling skal publiserast på FKRA si heimeside, seinast to veker før medlemsmøtet.

## VEDLEGG NR. 2

### INSTRUKS FOR KONTROLLKOMITEEN

1. Kontrollkomiteen blir vald av Årsmøtet og er Årsmøtet sitt kontrollorgan i FKRA. Det er tre medlemmer i kontrollkomiteen.
2. Kontrollkomiteen skal føre tilsyn med FKRA si verksemd og forvaltning av verdjar. Dette inneber mellom anna å kontrollere at foretaket følgjer lover, forskrifter, vilkår, vedtekter og vedtak som organa i foretaket har gjort. Komiteen kan ta opp alle forhold i verksemda til behandling.
3. Kontrollkomiteen fører tilsyn med eigarstyringa av dotterselskap.
4. Kontrollkomiteen kan krevje å få lagt fram dei protokollar og dokumenta som er nødvendige for å utføre vervet.

5. Tillitsvalde og tilsette skal gje dei opplysningane som er nødvendige for arbeidet til kontrollkomiteen.
6. Kontrollkomiteen skal ha tilgang til styreprotokollar og revisjonsprotokollar straks dei føreligg.
7. Kontrollkomiteen skal føre møtebok. Kopi av referat går til ordførar, styreleiar, administrerande direktør og revisor.
8. Dersom kontrollkomiteen har noko å utsetje på drifta, på den måten laget blir styrt, på rekneskapen, på einskilde disposisjonar eller anna, skal ordføraren i Årsmøtet få melding om dette, med kopi som blir sendt revisor, styreformann og adm.direktør.
9. Kontrollkomiteen skal gje skriftleg melding til Årsmøtet om arbeidet sitt, seie si meining om rekneskapen og årsmeldinga. Kontrollkomiteen kan i meldinga si også kommentere spesielle saker/forhold, dersom komiteen finn grunn for det.
10. Årsmøtet kan gi kontrollkomiteen særskilde pålegg eller oppdrag utanom det som er nemnt ovanfor.
11. Medlemmene i kontrollkomiteen har plikt til å teie med alt dei får kjennskap til i FKRA. Dersom eit medlem av kontrollkomiteen bryt teieplikta, kan Årsmøtet ta ombodet frå medlemmen og velja ein ny.
12. Kontrollkomiteen vurderar i dialog med administrasjonen minimum kvart femte år, om FKRA skal gjennomføre anbudsprosess av revisjonsteneste. Kontrollkomiteen skal deretter legge fram innstilling om val av statsautorisert revisor for årsmøtet.

## **VEDLEGG NR. 3**

### **INSTRUKS FOR VALKOMITEEN**

1. Valkomiteen blir vald av årsmøtet. Valkomiteen sitt mandat går fram av FKRA sine vedtekter §12.
2. Valkomiteen skal gi innstilling til årsmøtet for val etter § 10, pkt. 4, unntatt j. Valkomiteen bør også gi innstilling for andre val som skal førast på saklista for årsmøtet. For val til styret, ordførar for årsmøtet og kontrollkomiteen, skal kandidatane spørjast om dei vil ta på seg eventuelt tillitsverv. Kandidatar til viktige verv kan valkomiteen kalla inn til samtale. Styremedlemmer bør kallast inn til samtale i samla valkomité.
3. Valkomiteen blir innkalla til møte, av leiar i samråd med administrasjonen. Valkomiteen si innstilling bør føreliggje og sendast ut i brev til årsmøteutsendingane minst 14 dagar før årsmøtet. Når valkomiteen har gitt si innstilling, kan den ikkje endrast utan i spørsmål som gjeld valbarheit. Tilleggsinnstillingar kan gis av valkomiteen når årsmøtet ber om dette.

4. Valkomiteen er vedtaksfør når minst 5 medlemmer er til stades.
5. Ved forslag til styremedlemmer, skal valkomiteen leggja vekt på samhandling med FKRA, kompetanse, kjønnsfordeling, geografisk fordeling og kontinuitet. For å få fram dei beste kandidatane til dei ulike verva, bør valkomiteen rådføre seg med lokale tillitsvalde.
6. Det vert oppfordra til samhandling og kontakt mellom valkomiteen og lokale valnemnder, for å sikre at det lokale valnemndsarbeidet fungerer optimalt.
7. Valkomiteen gir innstilling om 1 kandidat til kvart tillitsverv, men skal ved dissens i komiteen føra opp alle dei føreslegne kandidatane med oppgitt røystetal. Alle som møter som medlem i valkomiteen, har plikt å røysta på ein av dei føreslegne kandidatane for kvart val.
8. Leiaren i valkomiteen legg fram innstillingane for årsmøtet. Ved dissens kan og representant for mindretalet i komiteen gi si grunngjeving til årsmøtet.
9. Berre medlemmer som i hovudsak samhandlar med foretaket kan veljast til tillitsverv. Jf. § 8
10. Valkomiteen skal kvart år komme med forslag til Årsmøtet om godtgjersle til tillitsvalde (som er oppnemnde av Årsmøtet og årsmøteutsendingane).
11. Valkomiteen skal handtere informasjon om medlemmer i tråd med GDPR forskriften.

## **VEDLEGG NR. 4**

### **INSTRUKS FOR ÅRSMØTEUTSENDINGAR**

1. Årsmøteutsendingar vert valde av medlemsmøta. Dette er beskrive nærare i VEDLEGG 1.
2. Årsmøteutsendingar skal møte i årsmøtet og andre møte for årsmøteutsendingar, jf. §§ 9 og 10, og representere sin krets i desse møta.
3. Årsmøteutsendingar vert oppfordra til å vera rådgjevande for administrasjonen i FKRA, dei har ingen direkte instruksjonsmyndighet, men kan ha innflytelse basert på sine faglege analyser og anbefalinger innan produksjons- og marknadsforhold, samt strategisk utvikling i sin krets.
4. Årsmøteutsendingane skal ha perspektiv, heilheitssyn og vera bevisst på heile verdikjeda og ha forståelse for samvirke som forretningsystem.
5. Andre aktuelle oppgåver kan vera:
  - a) Representere FKRA ved lokale aktivitetar og tilstellingar.
  - b) Vera kommunikasjonskanal mellom medlem og styre.

Vedtektene vart vedtekne på ekstraordinært årsmøte 19.11.20.

